

---

**Fra:** Bente Kopperdal Hervik  
**Sendt:** tirsdag 19. mars 2019 10.52  
**Til:** Rolf Raknes  
**Emne:** Merknad detaljplan Manger sentrum aust

**Oppfølgingsflagg:** Flag for follow up  
**Status for flagg:** Flagget

Viser til samtale om moglege trasear for sti mellom planområdet i detaljplan for Manger sentrum aust og Solend. Det er viktig at traseen som skal sikra tilgang mellom planområdet og Nøttveit friluftsområde kan skiltast og brukast som utgangspunkt for tursti vidare til Solend og Tusenårsstaden som det er løyvd midlar til både i kommunen og frå fylkeskommunen. Som eit alternativ til BN2 kan ein vurdera tilkomst gjennom GF1.

Det er ynskjeleg å bruka parkeringsplass ved Manger helsehus som utgangspunkt for denne stien. Turstien er mest bruk kveld og helg, og vil såleis ikkje koma i konflikt med aktiviteten i området på dagtid.

I planomtalen kap. 5.13 står det at det med unntak av eit lausfunn ikkje er registrert kulturminne/-landskap i eller i nærleiken av planområdet. Dette er feil: stemma over elva er eit kulturminne som må nemnast i planomtalen i kapittelet om kulturminne. Det er vist til stemma i kap 5.8.2, men då er den nemnd som «steingard eller klopp». Dette bør rettast til «stemme» eller «stemmaegard». Stemma må også omtala i føreseggnene, og helst leggjast inn som ei eiga omsynssone eller sikrast i planen på ein slik måte slik at den vert tatt omsyn til i samband med t.d. sikringstiltak ved bekken, gjerde etc som er nemnd som tiltak i føreseggnene.

Med venleg helsing  
Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar kultur  
Tlf. 56 34 90 12